



Kjetil Hosøy
Stranda 943
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/739 - 23/85640

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
07.11.2023

Vi har registrert lekkasje på avløpsanlegget på eigedommen din gbnr: 10/56 Rødland – varsel om pålegg og tvangsmulkt

Tiltak: Lekkasje på rør inn til slamavskiljar
Byggjestad: GBNR: 10/56 Rødland
Tiltakshavar: Kjetil Hosøy

Kommunen viser til brevet vi sendte deg **02.02.2023**. I brevet viste vi til motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lekkasje på innløpet til slamavskiljaren som medfører forureining på eigedommen din. Frist for utbetring av anlegget var **30.04.2023**.

Vi etterlyste tilbakemelding frå deg i brev datert 01.09.2023 og e-post datert 23.10.2023. Du har i telefonsamtalar stadfesta at lekkasjen er utbetra og lovt å sende inn dokumentasjon på dette. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg om at utbetring er blitt utført.

Du får no eit førehandsvarsel

Dette er et førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge deg å rette opp det ulovlege tilfellet. Det betyr at du innan **30.11.2023** kan komme med fleire opplysningar. Om opplysningane ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev med eit pålegg kor vi setter ein frist for når du må ha retta forholdet. I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell om ein ikkje heldt fristen i pålegget. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Skildring av det ulovlege tilfellet

Det følgjer av forureiningslova at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er gitt løyve», jf. § 7 første ledd.

Det er påvist lekkasje på innløpet av slamavskiljaren din. Dette medfører forureining til området rundt.

Frist for retting

Du må rette det ulovlege tilfellet innan **31.12.2023**.

Det kan bli fatta følgjande vedtak om tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr. **10.000,-** blir ilagt den **01.01.2024** dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Løpande dagmulkt på kr. **200,-** frå og med **01.01.2024** dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Storleiken på mulkt er satt ut i frå ein foreløpig vurdering, og kan endrast i pålegget.

Korleis kan du rette opp i det ulovlege tilfellet og unngå tvangsmulkt?

Retter du opp det ulovlege tilfellet, unngår du pålegg og tvangsmulkt.

Retting av det ulovlege tilfellet kan skje på følgjande måte:

- Du må reparere lekkasjen i avløpsanlegget

For rettingar som gjeld nytt lok, dykk, mindre utbetringar og liknande må du vurdere om du har tilstrekkeleg kunnskap til å gjere arbeidet sjølv. Er du i tvil bør du kontakte eit rørleggarføretak.

Må du etablere eit nytt avløpsanlegg må du kontakte eit rørleggarføretak som kan være ansvarleg.

Dersom du er usikker på om utbetringa av anlegget er eit søknadspliktig tiltak, kan du ta kontakt med avdeling for miljø og tilsyn i Alver kommune.

Vi skal underrettast skriftleg med bilete av utført retting når arbeidet er gjort.

Du har rett til å gje uttale

Send oss ei utgreiing dersom du har opplysningar om saka vi ikkje er kjend med. Legg gjerne med dokumentasjon som kan underbygge forklaringa. **Frist for uttale er 3 veker frå brevets dato.**

Etter fristen for uttale vil vi vurdere å fatte vedtak om pålegg om retting. Fristen i pålegget vil vere den same som i dette varselet.

Kva skjer om du ikkje rettar det ulovlege tilfellet?

Dersom vi ikkje mottar nye opplysningar som gjer grunnlag for å avslutte saka heilt eller delvis, vil det bli fatta vedtak i saka om 3 veker.

Det vil bli gitt same frist for retting i pålegget. Dersom det ulovlege tilfellet ikkje rettast innan fristen som er satt, vil du bli ilagt tvangsmulkt.

GENERELL INFORMASJON

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar på tlf. **462 99 440** eller på e-post post@alver.kommune.no om du har spørsmål. Husk å skriv saksnummer i emnefeltet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjetil Hosøy

Stranda 943

5993

Ostereidet